



Arna og Åsane Rørleggerservice AS  
Hardangervegen 877  
5267 ESPELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4230 - 14/26724

Saksbehandlar:  
Kari Elisabeth Io  
KEI@lindas.kommune.no

Dato:  
01.12.2014

## Rørleggjarmelding - gbnr 81/65 Risøy - hytte. Tilkopling og utføring av sanitæranlegg.

Delegert sak.

Vi viser til søknad m/vedlagt planteikning, situasjonsplan og ferdigmelding, mottatt 21.11.2014.

Søknaden gjeld innvendig rørinstallasjon i fritidsbustad.  
Utvendig rørarbeid er utført av Lindås Rør og Sanitær AS.

Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vassverk. Avløp til felles privat avløpsanlegg m/felles slamavskiljar for hyttefeltet.

### SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

#### Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonnet sitt ansvar å sørge for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompenserande tiltak.





